



Arkivsak

26/09861-1

Sakshandsamar

Oda Marie Sjøli Langbach

Saksgang

Partssammensatt utvalg

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse

og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Samarbeid om maskiner og utstyr vidaregåande opplæring

Innstilling frå fylkesdirektøren

Saka om samarbeid om maskiner og utstyr i vidaregåande opplæring blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

I verbalpunkt 11 i Handlings- og økonomiplan 2026-2029 bad Fylkestinget fylkesdirektøren om å leggje fram ei sak om korleis opplæringa i den vidaregåande skulen i større grad kan utnytte utstyr på ein betre måte, og samstundes redusere kostnadene gjennom auka samarbeid med næringslivet og bedrifter om bruk og innkjøp av utstyr til skulane.

Saka blir lagd fram for partssamansett utval, yrkesopplæringsnemnda, Telemark ungdomsråd og hovudutval for utdanning og kompetanse til uttale Fylkesutvalet avgjer innstilling til fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Fylkestinget sitt vedtak i sak 113/25, Handlings- og økonomiplan 2026-2029, verbalpunkt 11:

Verbalvedtak 11:

11. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge frem en sak om hvordan opplæringen i den vidaregåande skole i større grad kan dra nytte av og redusere kostnadene til utstyr ved at man i større grad samarbeider med næringsliv og bedrifter om bruk og innkjøp av utstyr til skolene.

I samband med arbeidet med denne saka har skulane vorte spurde om dei har motteke gåver i 2024/2025, eller om dei har samarbeidd med næringslivet om utstyr eller andre gjenstandar i same periode. Nedanfor er svara frå skulane lista opp.

Rjukan

- Har ikkje motteke gåver i form av utstyr eller gjenstandar.
- Samarbeidde med Skårberg Maskin AS og A til Å Entreprenør i 2024, som lånte ut gravemaskiner og hjullastarar i samband med maskinførarkurs for elevar.

Vest-Telemark

- Opplæringsbil Volvo XC90 hybrid (gåve frå Autostrada Porsgrunn og Volvo Noreg). Overrekking i desember 2023.
 - Verdi: 1 000 000 kroner
- Øyremerkte midlar til velferdstiltak/turar frå Tokke kommune.
 - Verdi: 650 000 kroner (300 000 kroner i 2024 og 350 000 kroner i 2025)
- Trafo og industrirobot, gåve frå Dalen Mekaniske.
 - Verdi: 300 000 kroner
- Gateskap med industrisikringar – gåve.
 - Verdi: 40 000 kroner
- Plotter/printar, gåve frå Statkraft (2026).
 - Verdi: 10 000 kroner
- Samarbeid med Tokke kommune i 2024 om søknad om midlar til velferdstiltak for ungdom. Utstyret er plassert på skulen og er skulen sin eigedom. Dette omfattar PlayStation, fussballbord og shuffleboard. Det vart betalt ein eigenandel på 5 600 kroner.
 - Verdi: 60 000 kroner
- Sponsing av temaveke frå lokalt næringsliv og kommunar.
 - Verdi: 115 000 kroner

Notodden

- 3D-printerar, gåve frå Westcontrol Berget (nye).
 - Verdi: 80 000 kroner
- Sjukehusseng, gåve frå Notodden sjukehus (skulle kasserast).
 - Verdi: 50 000 kroner
- Skulle gjerne ha samarbeidd meir om både utstyr og materiell til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dette er kostbart. Døme kan vere dreiebenkar og anna maskinelt utstyr på mekanisk avdeling, samt materiell og noko utstyr på elektroavdelinga.

Bø

Har ikkje motteke gåver og samarbeider ikkje med næringslivet om utstyr eller andre gjenstandar.

Nome

- Arbeidsklede til elevar og besøkjande på naturbruk, gåve frå OKAB, Velg skog og Felleskjøpet.

- Verdi: om lag 30 000 kroner
- Arbeidsklede til elevar på anleggsteknikk, gåve frå OKAB.
 - Verdi: om lag 90 000 kroner
- Samarbeid med Ponsse om skogsmaskiner til naturbruk. Sterkt redusert leigepreis for ein hogstmaskin og ein lassberar fire månader i året.
 - Verdi: om lag 200 000 kroner
- Redusert leige av fire anleggsmaskiner til anleggsteknikk frå Volvo Maskin i ti månader.
 - Verdi: om lag 2 000 000 kroner
- Elevane på helsefag får nytte demorom på Nome sjukeheim kostnadsfritt.
 - Verdien kan ikkje talfestast.

Skien

Har ikkje motteke gåver og samarbeider ikkje med næringslivet om utstyr eller andre gjenstandar.

Hjalmar Johansen

Har ikkje motteke gåver og samarbeider ikkje med næringslivet om utstyr eller andre gjenstandar.

Skogmo

- Undervisningsmateriell, gåve frå Bilfag.
 - Verdi: 180 000 kroner
- Undervisningsmateriell, gåve frå Glasurit.
 - Verdi: 150 000 kroner
- Maskiner, gåver frå Bilfinger.
 - Verdi: 25 000 kroner
- Ambulansebil frå Sjukehuset i Telemark.
 - Verdien er vanskeleg å få talfesta.
- Samarbeider ikkje med næringslivet eller andre skular om utstyr eller andre gjenstandar.

Porsgrunn

Har ikkje motteke gåver og samarbeider ikkje med næringslivet om utstyr eller andre gjenstandar.

Bamble

- Har motteke diverse røyrdelar frå Piplife og Bluegreen til bruk i undervisninga.
 - Verdi: om lag 100 000 kroner
- Samarbeider ikkje med næringslivet eller andre skular om utstyr eller andre gjenstandar.

Kragerø

- Har ikkje motteke gåver i form av utstyr i 2024/2025.

- Har ikkje utstyr eller gjenstandar på skulen som er resultat av samarbeid med næringslivet i 2024/2025. Skulen har ei CNC-fres som står hos ei bedrift, og som elevane våre nyttar, men det er skulen sin maskin.

Som det går fram av oversikta ovanfor, har fleire skular teke imot utstyr eller andre gjenstandar som blir nytta i undervisninga, anten som gåver eller gjennom samarbeid med næringslivet til redusert pris. Dette er resultatet av dialogen den einskilde skulen har hatt med næringslivet og er personavhengig. Det er noko variasjon mellom skulane og utdanningsprogramma, og det ligg her eit potensial for meir systematisk samarbeid. Geografiske avstandar kan vere avgjerande for samarbeid om utstyr, og samarbeid eller gåver må ikkje føra til at enkeltleverandørar eller bedrifter får urimelege fordelar eller skaper bindingar som utfordrar fylkeskommunen si rolle. Det ligg eit potensial for meir samarbeid innan programområde som nyttar maskiner og teknisk utstyr med høge investerings- og vedlikehaldskostnader.

Samarbeid med næringslivet om utstyr vil ikkje alltid vere mogleg, og det må gjerast ei vurdering av kostnaden ved å eige utstyret opp mot kostnaden ved å låne eller leige det, og eventuelt transport av elevar. Dersom elevane må fraktast til ein ekstern arbeidsplass, må dette passe inn i timeplanen, og alle elevane må møte i tide til skyss, slik at det ikkje oppstår forseinkingar for skysselskapet/sjåføren eller den vidare undervisninga. Det vil derfor ikkje alltid vere formålstenleg, ut frå omsyn til logistikk, å samarbeide om utstyr med næringslivet.

Skular kan få utstyr i form av gåver eller donasjonar ved enkelthendingar. Til dømes ønskjer Equinor Porsgrunn, i samband med at test- og laboratorieaktivitetane i Porsgrunn blir avvikla, å donere ein del av utstyret sitt til relevante utdanningsmiljø i regionen. Dette er utstyr som kan vere relevant for yrkesfaglege utdanningar og fagskuleutdanningar innanfor områda:

- mekaniske fag
- elektrofag
- automasjonsfag
- laboratoriefag/realfag

Dei vidaregåande skulane i Telemark, kompetansesenteret/oppfølgingstenesta og Fagskulen i Vestfold og Telemark har vorte invitert til å melde interesse for utstyret.

To representantar frå kompetansesenteret har vore på Equinor Porsgrunn på vegner av skulane for å ta bilete av alt utstyret som er gjort tilgjengeleg for donasjon. Det er sendt bilete til alle dei vidaregåande skulane i fylket av ei stor mengd dataskjermar, maskiner, utstyr og forbruksmateriell som er relevant for bruk i dei nemnde faga, saman med avtalebrev for overtaking av utstyr. Alle skulane får tildelt utstyr etter kva dei ønskjer. Equinor Porsgrunn har også meldt frå om at ytterlegare utstyr kan bli gjort tilgjengeleg for donasjon fram mot sommaren, men at dette må avklarast nærare.

Dette er eit ekstraordinært tilfelle og omfattar verdiar på fleire hundre tusen kroner, som no kjem dei vidaregåande skulane i fylket til gode.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Gåver eller samarbeid om utstyr kan gje dei vidaregåande skulane økonomiske fordelar i form av innsparingar, ved at skulen slepp å kjøpe eige utstyr. Dersom det blir inngått samarbeid med næringslivet om bruk av utstyr, er det viktig at skulen gjennomfører ei risikovurdering og inngår ein tydeleg skriftleg samarbeidsavtale. Avtalen bør mellom anna regulere ansvar for HMS, vedlikehald og kontroll av utstyr, forsikringar, erstatningsansvar, varigheit og oppseiing.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Samarbeid om utstyr og gåver frå næringslivet bidreg til FNs berekraftsmål 4 om god utdanning for alle, ved at elevar får opplæring på oppdatert utstyr som blir nytta i næringslivet. Det kan også bidra til FNs berekraftsmål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon, ved at næringslivet donerer brukt utstyr i staden for å kaste det.

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren oppmodar skulane til å gå i dialog med næringslivet om samarbeid om kostbart utstyr, der dette er relevant og formålstenleg.

Fylkesdirektøren takkar Equinor Porsgrunn for at verksemda tok kontakt og donerte utstyr med ein estimert samla innkjøpsverdi på over éin million kroner.

Vedlegg: